



Norsk Riving AS
Leirvikåsen 43B
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2510 - 17/20471

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2017

Godkjenning - GBNR 1/19 - Løyve til riving av eldre låve

Administrativt vedtak. Saknr: 278/2017

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Norsk Riving AS har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til riving av ein eldre låve på gbnr 1/19 på Flatøy i Meland kommune, jf søknad journalført motteke 13.10.2017. Bygget er opplyst å vere 150 m² og står til nedfalls.

VURDERING:

Plangrunnlag:

Omsøkt areal er gjennom kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig bustadområde på Flatøy, område B_1. Tidlegare var arealet regulert til jordbruksformål gjennom *Reguleringsplan for Flatøy sør/aust*, men kommuneplanen går her framfor den eldre reguleringsplanen, jf føresegn 1.1 til KPA. Låven som skal rivast ligg på eit areal som gjennom administrativt vedtak av 02.06.2017 blei godkjent arealoverført til bustadeigedomen 1/379. Det er gjennomført oppmålingsforretning, men overføringa er ikkje tinglyst. Riving av låven er ikkje i strid med kommuneplanen.

Søknaden inneheld tilstrekkeleg opplysningar til at Meland kommune kan gi løyve til tiltaket, jf pbl § 21-2.

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla 29.08.2017 i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Låven som skal rivast står til nedfalls, og arealet bygget står på skal overførast til gbnr 1/379. Administrasjonen vurderer difor at det ikkje er panthavarar til eigedomen som er relevant å varsle i føreliggjande sak, jf pbl § 21-3.

Avfallshandtering:

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6 bokstav (c). For slike tiltak skal det i samband med søknad om ferdigattest utarbeidast «...en sluttrapport som viser faktisk disponering av avfall, fordelt på ulike avfallstyper og –mengder».

Tiltakshavar har sendt inn sluttrapport med avfallsplan saman med søknad om løyve til tiltak. Administrasjonen legg til grunn at denne blir følgt ved gjennomføring av tiltaket og eventuelt oppdatert i samband med søknad om ferdigattest.

Ansvarsrett:

Norsk Riving AS har sendt inn erklæring om ansvarsrett for funksjonane SØK, PRO og UTF (tkl 2).

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til riving av låve på gbnr 1/19 i Meland kommune, i samsvar med søknad journalført motteke 13.10.2017. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gitt unntak.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om riving av løe på GBNR 1/19

Mottakarar:

Norsk Riving AS

Leirvikåsen 43B 5179

GODVIK